

Sleipner Vest

Blokk og utvinningsløyve	Blokk 15/6 - utvinningsløyve 029, tildelt 1969 Blokk 15/9 - utvinningsløyve 046, tildelt 1976
Funnår	1974
Godkjent utbygt	14.12.1992 i Stortinget
Produksjonsstart	29.08.1996
Operatør	Statoil ASA
Rettskavarar	ExxonMobil Exploration & Production Norway AS 32,24 % Norsk Hydro Produksjon AS 8,85 % Statoil ASA 49,50 % Total E&P Norge AS 9,41 %
Utvinnbare reservar	Opphavleg: Att per 31.12.2006* 117,8 milliardar Sm ³ gass 50,1 milliardar Sm ³ gass 8,1 millionar tonn NGL 3,9 millionar tonn NGL 29,6 millionar Sm ³ kondensat 3,5 millionar Sm ³ kondensat
Produksjon	Venta produksjon i 2007: Gass: 9,65 milliardar Sm ³ , NGL: 0,46 millionar tonn, Kondensat: 1,53 millionar Sm ³
Investeringar	Totale investeringar vil venteleg bli 26,8 milliardar 2007-kroner Per 31.12.2006 er det investert totalt 23,7 milliardar 2007-kroner
Driftsorganisasjon	Stavanger
Hovudforsyningsbase	Dusavik

*Gassproduksjonen for Gungne, Sleipner Vest og Sleipner Øst blir målt samla. Attverande reservar viser Sleipner Vest og Sleipner Øst samla.

Utbygging:


Sleipner Vest er eit gassfelt i den sørlege delen av Nordsjøen, på om lag 110 meters havdjup. Feltet er bygt ut med ei brønnehovudinnretning, Sleipner B som er fjernstyrt frå Sleipner A-innretninga på Sleipner Øst-feltet, og ei prosess-innretning, Sleipner T, som er knytt saman med Sleipner A med gangbru. Alfa Nord-segmentet blei bygt ut i 2004 med ei havbotnramme knytt til Sleipner T gjennom ein 18 kilometer rørleidning.

Reservoar:

Sleipner Vest produserer frå Sleipner- og Huginformasjonane av mellomjura alder. Storparten av reservane finst i Huginformasjonen, som er bygd opp av ein serie strandsoneavsetjingar. Sleipnerformasjonen, som ligg under Huginformasjonen, har fluviale avsetjingar. Forkastingane på feltet er normalt ikkje forseglende, og kommunikasjonen mellom dei geologiske sandavsetjingane er god.

Utvinningsstrategi:

Sleipner Vest produserer ved trykkavlastning.



Transport:

Gass og kondensat frå Sleipner Vest blir prosessert på Sleipner T, og CO₂ blir fjerna frå gassen. Prosessert gass frå Sleipner Vest går til Sleipner A for vidare eksport. CO₂ blir injisert i Utsiraformaasjonen via ein eigen injeksjonsbrønn frå Sleipner A. Ustabil kondensat frå Sleipner Vest og Sleipner Øst blir blanda på Sleipner A og går til Kårstø for prosessering til stabil kondensat og NGL-produkt.

Status:

For å halda produksjonsnivået oppe når feltet går av platå frå 2007, blei det i 2006 vedteke å installere ein ny kompressor på Sleipner B. Denne vil vere i produksjon frå oktober 2008. Det er òg aktuelt å bore opp og byggje ut fleire førekomstar i nærleiken i åra framover, og ein borelegg vil bli installert på Sleipner B i 2008.